

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20201635

Oppdragsnr

Matrikkeletat

| | | | | |
|---------------|------|------------|--------|----------|
| Kommune | K.nr | Adresse | Postnr | Poststad |
| Alver Kommune | 4631 | Postboks 4 | 5906 | Frekhaug |

Matrikkeleining

| | | | | | |
|---------------------------------|-----|-----|-----|-----|--------------------------------------|
| Gateadresse | Gnr | Bnr | Fnr | Snr | Registrert eigar/festar |
| Festevegen 248 | 59 | 21 | 0 | 0 | Bergfjord Kirsten (Hjemmelshaver) |
| Festevegen 256 | 59 | 20 | 0 | 0 | Paulsen Morten Egil (Hjemmelshaver) |
| Festevegen 254 | 59 | 27 | 0 | 0 | Haukøy Arve Karstein (Hjemmelshaver) |
| Festevegen 257; Festevegen 273; | 59 | 2 | 0 | 0 | Nesse Frank Rune (Hjemmelshaver) |

Om oppmålingsforretninga

| | | | |
|-------------------------|------------|-------|---------------|
| Forretninga avvikla: | Dato | Kl | Stad |
| | 18.06.2020 | 09.00 | På eigedomane |

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

 Grunneigedom Festegrunn Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

 Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn
 Arealoverføring Anna

Forklaring

Klarlegging av eksisterande grense

| | | | |
|---|-----------|----------------------------------|---|
| Saks- behandling | Løyvedato | Dato for fullstendig rekvisisjon | Pårekna dato for fullført matrikulering |
| Rekvirent Bergfjord Kirsten Paulsen Morten Egil Haukøy Arve Karstein Nesse Frank Rune | | | Rekvisisjonsdato 18.09.2019 |

Habilitet

Landmålararen sitt namn

Morten Mangerøy Helland

 Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.
 Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammmøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Ingen frå dei frammmøtte partane.

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

| | Forklaring | Journalpost nr | Vedlegg nr | Urelevant |
|-------------------------------------|------------------------|----------------|------------|-----------|
| Søknad etter pbl | | | | X |
| Kartvedlegg til varsel | Kartvedlegg til varsel | | | |
| Vedtak (tillatelse) etter pbl | | | | X |
| Rekvisisjon av oppmålingsforretning | | | | X |
| Varsel om oppmålingsforretning | | | | X |
| Situasjonskart og situasjonsplan | | | | X |
| Konsesjonsdokument | | | | X |

| Saksdokument - bakgrunn for forretninga | | | | |
|--|------------|----------------|------------|-----------|
| | Forklaring | Journalpost nr | Vedlegg nr | Urelevant |
| Servitutt | | | | X |
| Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter | | | | X |
| Avtaler | | | | X |

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

| Pkt.nr | Type merke | Status | Punkt godkj. av partane | Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.) | Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.) |
|--------|---|-----------------------------------|-------------------------|--|--|
| 1 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 2 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 3 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 4 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 5 | Umerket Nedsatt i: Ikke spesifisert | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 6 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 7 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 9 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 10 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 11 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 12 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 13 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |
| 14 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Eksist. grense nedsatt på nytt | Godkjent | | |

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Forretninga gjeld klarlegging av eksisterande grense med bakgrunn i skylddeling.

Oppmålingsforretninga vart varsla på vanleg måte med brev minst 2 veker før forretninga vart halden. Til forretninga møtte følgjande partar: Kirsten Bergfjord (Rekvirent), Morten Egil Paulsen (Rekvirent), Arve Karstein Haukøy (Rekvirent), Norodd Bjarne Lunde (Nabo), Frank Rune Nesse (Nabo).

Landmålar kjenner ikkje til at han er i slektskap eller har økonomiske eller andre bindingar til partane i saka, som gjer han uskikka å opptre som landmålar i denne saka.

I forkant av forretninga:

I forkant av oppmålingsforretninga melde Norodd Bjarne Lunde at han ikkje hadde anledning til å møte på oppmålingsforretninga. Det vart derfor avtalt synfaring mellom han og landmålar dagen før oppmålingsforretninga. Under synfaringa gjekk me gjennom dei grensene på eigedom 59/7 som var aktuelle under forretninga dagen etter. Under synfaringa fann me igjen eit kryss i fjell i punkt 10 og ein merkestein i punkt 11. I punkt 12 fann me ikkje igjen det gamle grensemerke, men påstanden frå parten er at grensa går i gjerde.

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Vestland fylkeskommune melde før forretninga at ingen frå dei møter til forretninga. Påstanden deira er at dei er eigar av vegbana og eit sideareal på minimum 1,5 meter på kvar side av vegen. Der skjæring/fylling strekker seg lenger enn 1,5 meter frå vegkant, skal grensa settast minst 0,5 meter utanfor topp/botn av desse.

Under forretninga har me forholdt oss til den uttalen og er ikkje kome nerare vegen enn dette.

Oppmålingsforretning:

Eg går gjennom kvar eigedom for seg så det er lett forståelig, det betyr at same punkt vil verte beskreve fleire gangar der det gjeld for fleire eigedomar.

GBNR 59/20:

For gbnr. 59/20 vart det gjenfunnet kryss i fjell i punkt 2 og merkestein i punkt 7. I punkt 1 påviste partane ein stein som var kvelva, steinen ser ut som ein merkestein og partane var einige i at det er her grensa er. I punkt 9 meinte partane at dei hadde sett merkestein i eit område som var dekkja av plast. Under forretninga fann me ikkje igjen noko tydleg merkestein, men med utgangspunkt i punkt 1, avstanden i skylddelinga og steingjerde blei partane einige om eit punkt. Det låg og ein stein akkurat der dei vart einige om at grensa er, men dette såg i utgangspunktet ikkje ut

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

som ein merkestein. I punkt 6 fann me ikkje igjen noko tydeleg tegn på grensemerke. Me tok utgangspunkt i avstandar frå punkt 9,2 og 7 for å koma fram til eit punkt. Partane var einige i plasseringa av dette punktet.

GBNR: 59/21:

Under forretninga vart det gjenfunnet kryss i fjell i punkt 2, merkestein i punkt 7, merkestein i punkt 13 og merkestein i punkt 11. Påstand frå eigar av gbnr. 59/7 var at punkt 12 er der gjerde knekker, det stemmer godt med avstand frå punkt 11 og 13 der det var gjenfunnet merkesteiner. Partane var einige i at punkt 12 skal vere der gjerde knekker i dag. I punkt 5 vart det ikkje funne igjen grensemerke. Med utgangspunkt i avstand frå punkt 7 og 13 vart punktet rekonstruert. Partane var einige i plasseringa av dette punktet. Det vart sett ned eit nytt grensemerke for gbnr. 59/21, punkt 14. Dette er eit punkt i linja mellom punkt 2 og 11.

GBNR: 59/27:

Under forretninga vart det gjenfunnet merkestein i punkt 7. I punkt 5 vart det ikkje funne igjen grensemerke. Med utgangspunkt i avstand frå punkt 7 og 13 vart punktet rekonstruert. Partane var einige i plasseringa av dette punktet. Grunna ugunstig plassering vart det ikkje sett ned grensemerke i punkt 5, det vert liggjande som eit umerka punkt. Det var i staden sett ned eit punkt (Punkt 3) i linja 0,88m frå punkt 5. Dette kan nyttast til å rekonstruere punkt 5. I punkt 6 fann me ikkje igjen noko tydeleg tegn på grensemerke. Me tok utgangspunkt i avstandar frå punkt 9,2 og 7 for å koma fram til eit punkt. Partane var einige i plasseringa av dette punktet. Det var heller ikkje funne igjen grensemerke i punkt 4. Me tok utgangspunkt i avstandar frå punkt 5 og 6 for å rekonstruere punkt 4. Partane var einige i plasseringa av punktet.

Oppsummering:

Etter gjennomgangen av grensene på oppmålingsforretninga var alle partane som var til stades tilfreds og einige i plasseringa av grensene. Landmålar satt ned nye grensemerke i alle punkt bortsett frå punkt 5 (forklaring under grensebeskrivelse for gbnr. 59/27). Saka vil verte matrikkelført så snart merknadsfristen på protokollen er ute.

Sted

Knarvik

Dato

26.06.2020

Underskrift

Morten Mangorøy Heland

| Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga) | | | | |
|--|--|----------------------------|-----------------|-------------|
| Relevant | Dokumenttype | Forklaring | Journalpost nr. | Vedlegg nr. |
| X | Partsliste | Partsliste med underskrift | | |
| | Partsliste | | | |
| X | Beregningsdokumentasjon | Beregningsdokumentasjon | 37732-1/2020 | |
| | Fullmakt | | | |
| | Avtaler | | | |
| | Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte) | | | |
| | Arealregnskap | | | |
| | Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering | | | |
| | Partspåstander | | | |
| | Forlik/voldgift | | | |
| | Kartvedlegg til protokoll | Kartvedlegg til protokoll | | |